

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger  
Att: Ingrid Didriksen

Bergen, 2017-09-06

Vår ref: 614964-00

## Tilbod– Reguleringsplan reinseanlegg Manger kai

Vi takker for førespurnad i e-post datert 15. juni 2017 og vil med dette gje tilbod på reguleringsplan - Mangersvåg kloakkanlegg.

Asplan Viak er eit av landets største rådgivande ingeniør- og arkitektfirma, og tilbyr tverrfaglig rådgiving og analyser for offentlig og privat verksemd. Asplan Viak har god kunnskap om området etter utarbeiding av overordna VA-rammplan, der m.a. reinseanlegget inngår. Vi har allsidig erfaring med reguleringsplanarbeid, og vil sette saman eit team med fagpersonar med relevant erfaring i dette prosjektet under leiging av Karianne Eriksen.

Vi kan tilby å utarbeide reguleringsplanforslag til første gangs handsaming. Reguleringsplanen er allereie varsla oppstart av Radøy kommune. Vi bekreftar at vi har kapasitet for å gjennomføre oppdraget med den framdrifta som er skissert i e-post datert 28.08.2017 med leveranse 20.12.2017. Det blir lagt til grunn at framdrift og leveransedato blir justert dersom noko utføresett utanfor vår kontroll skulle skje i prosessen med utarbeiding av reguleringsplan. Så langt kan vi ikkje sjå at merknader til oppstart tyder på uføresette hendingar.

Vi kan tilby å utføre arbeidet innanfor eit budsjett på kr. 223 000,- eks. mva. Prisen inkluderer alle kostnader knytt til gjennomføring av oppdraget. Reguleringsplanforslaget inkluderer:

- Oppsummering av inkomne merknader
- Utarbeide planforslag: plankart, føresegner, planskildring, ROS- analyse og enkel trafikkanalyse. Planskildringa vil og skildre planforslaget sine konsekvenser/ verknader for m.a. folkehelse, naturmangfald og for friluftsiinteresser, jamfør inkomne merknader.
- Undervegsmøte

Dersom oppsummering av merknader medfører at kommunen ser det naudsynt å ha eit eige merknadmøte blir det fakturet etter medgått tid.

Ekstra arbeid blir fakturert etter medgått tid med ein timepris på kr. 1000,- eks. mva.

Vår vurdering er at planarbeidet ikkje er KU-pliktig. Konsekvensane av planforslaget vil bli omtalt i planskildringa under verknader av planforslaget, ikkje som eigen KU-utgreiing

Dersom kommunen meiner det skal utarbeidast eigen KU-utgreiing blir dette utført som tilleggsarbeid med timeprisar som oppgitt over.

Dersom det er spørsmål til og behov for å drøfte tilbudet vårt stiller vi gjerne i eit telefonmøte

Venleg helsing

Asplan Viak AS



Torhild Wiklund  
Gruppeleiar Plan og analyse



Karianne Eriksen  
Landskapsarkitekt plan og analyse  
Tlf. 932 62 86 35